

Ove Georg Hvidsten
Kvamsvegen 62
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3195 - 22/84268

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
06.12.2022

Varsel om stans i mottak av masser og retting av ulovleg forhold - gbnr 143/1

Viser til synfaring på din eigedom den 25.10.2022 samt brev datert 22.07.2022 angående bekymringsmeldingar knytt til mottak av massar på eigedomen din gbnr 143/1 og svar frå deg datert 22.09.2022.

Dette er eit førehandsvarsel om at vi vurderer å pålegge deg å stanse mottak av massar og tilbakeføre området til sin opprinnelige stand. Det betyr at du innan **03.01.2023** kan komme med fleire opplysningar i saka. Dersom opplysningane ikkje endrar vårt syn på saka, vil du få eit nytt brev kor vi set ein frist for når du må ha retta det ulovlege forholdet. I pålegget kan vi og sette ein tvangsmulkt. Dette er eit pengebeløp som forfell om du ikkje heldt fristen i pålegget.

Utgreiing av saka

På bakgrunn av bekymringsmeldingar, sendte vi deg eit brev, datert 22.07.2022, der vi ba om ei utgreiing av kva tiltak som vert utført på eigedomen din.

I det første svaret sendte du oss kopi av løyve datert 15.04.11 der det kjem fram at det ikkje vert gjeve løyve til utviding av eksisterande jordtipp med løyve frå 2007. I brev frå deg datert 22.09.2022, skriv du at det ikkje har vært etablert jordtipp på eigedomen. Du skriv vidare at det har vært tilkøyrd massar som skal nyttast til landbruksvegane og mindre bakkeplanering på garden.



Under synfaringa på din eigedom den 25.10.22 vart kommunen vist eit større område med massar sør-vest for hovudhuset på garden (sjå kartutsnitt nedanfor). Det vart opplyst at noko av massane kjem frå massar gravd ut i samband med etablering av rundkøyring i Knarvik. Massane såg ut til å være ei blanding av grus, sprengstein og jord.

Det vart ikkje førevist gyldig løyve til tiltaket under synfaringa.

Søknad om løyve til jordtipp

Det er ved fleire tilfelle søkt om løyve til etablering eller utviding av eksisterande jordtipp.

1. I vedtak i sak 07/1190, datert 20.06.2007, vart det gjeve løyve til å ta imot stein- og jordmassar for å heva eit jordbruksareal på ca 2 daa. Det er i vedtaket spesifisert at løyvet gjeld teig 1 og 2 og ikkje teig 3 som også var omsøkt. Sjå grunngjeving nedanfor:

I denne saka er påfylling av teig 1 og 2 utan konflikhtar. Det vil gje meir lettdrive areal utan skjemmande endring i kulturlandskapet. Oppfylling av teig 3 vil verta svært omfattande og gje store og truleg negative endringar i kulturlandskapet. Det vil også verta fylt over ein fin bakkemur nede i søkket. Før det vert teke stilling til dette prosjektet, må det eventuelt leggjast fram plan for oppfylling og plan/skisse for utviding av driftsbygningen.

2. I brev datert 08.04.2011 vart det søkt om vidareføring av løyve til jord/steintipp gitt i 2007. I vedtaket datert 15.04.2011 vart det **ikkje** gitt løyve til utviding av eksisterande jordtipp før kommunen har mottatt profilar over området som skal planerast. I brevet vart det presisert at jordtippen gjekk ut over det området som vart godkjent i 2007. Vi kan ikkje sjå at slike profilar er sendt kommunen i ettertid.
3. I søknad datert 03.03.2020 er det søkt om jordtipp-planeringsfelt i 2 områder. (Sjå kart nedanfor).



I vedtak i sak 20/7836, datert 02.09.2020, vart søknaden om jordtipp avvist med grunngjeving at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst. Søknaden vart sendt til høyring til ulike myndigheiter og det ligg føre uttale frå vegavdelinga i kommunen, Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland. Utdrag av tilbakemeldingane er vist nedanfor:

Vegavdelinga har gitt tilbakemelding at det er knytt særlege utfordringar til tilkomst inn i området og trafikktryggleik. Kvamsvegen er ikkje bygd for transport av massar slik det går fram av søknaden og trafikktryggleiken langs vegen er ikkje ivaretatt. Det vil verta sett krav om oppgradering av avkøyrsla til fylkesveg 5476 og det vil bli behov for å opparbeida vegen minimum med ny asfalt og truleg nytt forsterkings- og bærelag i etterkant, eller undervegs, i prosjektet.

Vestland fylkeskommune har varsla arkeologisk registrering. Jordtippene skal etablerast i område der det er fleire automatisk freda kulturminne og det er potensiale for funn av fleire kulturminne i området. Det er tiltakshavar som vert belasta med kostnadane for den arkeologiske registreringa. Det er ikkje kjend om arkeologisk registrering skal gjennomførast, eller om det er fastsatt tidspunkt for arbeidet.

Fylkesmannen i Vestland har gitt uttale og meiner at tiltaket vil få vesentleg verknad for miljø og samfunn og tilrår at kommunen set krav om regulering. Det er her lagt vekt på at det er store massar av ukjend opphav som skal fraktast inn i området, og at trafikktryggleik, forholdet rundt støy og støv og korleis kulturlandskapet og andre omsyn i området vert råka, må vurderast. Fylkesmannen skriv vidare at landbruksarealet vil vera ute av drift i lang tid som følgje av tiltaket og kommunen som eit minimum må krevja at det vert søkt om mellombels dispensasjon frå arealføremålet.

Under synfaringa vart det levert 3 lastebillass med massar. 2 av lassa vart tippa utfor kanten. Vi fekk opplyst at normalt vert massane tippa oppå tippkanten og kontrollert visuelt før dei vert skubba utfor av ei gravemaskin. I tillegg vart det levert 1 lass med betong som kommunen fekk opplyst skulle leverast til NGIR i kjevikdalen. Det vart også opplyst at jernskrap vert levert til Norscrap på Hanøytangen.

Kommunens oppgåve som forureiningsmynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Dette gjeld både faktisk forureining og fare for forureining. Etter forureiningslova § 37 1. ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har oppbevart avfall i strid med § 28.

Kommunens vurdering

Under synfaringa får vi sjå at det er mottatt betydelege mengder masser på garden. Massene består av jord og stein i ulike størrelsar. I vårt brev datert 22.07.2022, ba vi om opplysningar om mengder mottatt og kvar desse massane kjem frå. Vi har ikkje mottatt svar på desse spørsmåla.

Vi har heller ikkje mottatt eit gyldig løyve for jordtippet. Saksbehandlar mottok ein e-post med kopi av 2 vedtak der begge spesifiserte at det ikkje vart gitt løyve til utviding av eksisterande jordtipp.

Massane som er mottatt sidan bekymringsmeldingane kom inn har blitt lagra i eit større område nedanfor hovudhuset på garden. Det er vår oppfatning at denne måten å mellomlagre massane på ikkje er hensiktsmessig i forhold til å ta desse igjen.

Etter vår vurdering var ikkje mottakskontrollen av massane som vart levert under synfaringa god nok til å oppdage eventuell forureining i massane.

Bilete 1 og 2: Område med tilkøyrede massar



Bilete 3 og 4: Bilete av området tatt nedanfor jordtippen



Grunnlag for varsel om stans i mottak av masser og tilbakeføring

Det er vår vurdering at eit tiltak av slikt omfang krev godkjenning etter plan- og bygningslova § 20-2. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre gyldig løyve til etablering av jordtipp utover det som vart gitt løyve til i 2007. Mottaksplassen for massar som vi såg under synfaringa, ligg utanfor dette området. Vi ser dette som eit vesentleg terrenginngrep som er søknadspiktig uavhengig av kva formålet med massane er.

Etter vårt skjønn er det ikkje hensiktsmessig å mellomlagra massane i terrenget slik det er gjort her for så å ta dette igjen til bruk på landbruksveg. Vi ser forholdet som terrengheving. Ein stor del av massane er også mottatt før løyve til landbruksveg vart gitt.

I avslaget i sak 20/7836, datert 02.09.2020, er det vist til blant anna utfordringar knytt til avkøyrsla til fylkesveg 5476. Vi kan ikkje sjå at det er søkt om løyve til oppgradering av avkøyrsla eller utbetring av vegen i denne samanhengen. Det er også vår vurdering at tilkøyring av massar for sortering/mellomlagring før dei vert vidaresendt til godkjente avfallsselskap medfører ein unødvendig auke i trafikken som vegen ikkje er bygd for.

Ytterlegare opplysningar i saka

Då kommunen ser forholdet som eit søknadspliktig tiltak, ber vi derfor om ei orientering frå deg innan 03.01.2023. Denne må innehalde følgande opplysningar:

- Opplysningar om kva typar massar som er mottatt og kvar dei kjem frå.
- Mengder mottatt og lagra på eignedomen.
- Dokumentasjon på at dette er reine massar. Dette kan til dømes være:
 - Miljørapport frå prosjekt
 - Eigne prøver av massane
- Opplysningar om mengder avfall levert NGIR eller andre avfallsselskap.
- Skildring av rutinar for å sikre at det berre vert tatt imot reine jord- og steinmassar.

Andre forhold

Kommunen har foreløpig ikkje tatt stilling til om sortering av massar for vidarelevering til godkjente avfallsselskap er eit søknadspliktig tiltak.

Vi har foreløpig ikkje tatt stilling til tiltaket i forhold til §7 i forureiningslova.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkomme, har kommunen høve til å fastsetje tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom.

Førehandsvarsel om gebyr for brot

Vi gjev med dette varsel om at Alver kommune vil kunne fatte vedtak om ilegging av gebyr for brot på plan- og bygningslova. Det følgjer av føresegna at kommunen kan påleggje gebyr for denne type brot.

Gebyr for brot kan verte pålagt om brotet er gjort med forsett eller utan aktsemd. Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg.

Vi er av den oppfatning at brotet i dette høvet er forsettlig fordi tiltaket er av eit slikt omfang at utførande burde forstått at slikt arbeid er søknadspliktig. Det er også gitt avslag til utviding/etablering av jordtipp i fleire saker.

Dykkar rettigheiter

De har rett til å uttale dykk før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot. **Frist for uttale er sett til 03.01.2023.** Vidare har du rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot.

Det vert orientert om at endeleg vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

Aktuelt regelverk

- Plikt til å søkje om tiltaket framgår av plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2 jf. § 20-1, fyrste ledd.
- Kommunen si plikt til å følgje opp ulovlege tilstandar følgjer av plan- og bygningslova kapittel 32.
- Kommunen si plikt til å førehandsvarse eventuelle vedtak følgjer av plan- og bygningslova § 32-2.
- Vår rett til å gje pålegg følgjer av plan- og bygningslova § 32-3 fyrste ledd.

- Vår rett til å vedta tvangsmulkt følger av plan- og bygningslova § 32-5.
- Vi har rett til å tinglyse pålegget etter plan- og bygningslova § 32-3 fjerde ledd.
- Vi kan gje førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6.
- Vi kan gje lovbrotsgebyr etter plan- og bygningslova § 32-8 første ledd.
- Vi kan politianmelde forholdet etter plan- og bygningslova § 32-9.
- Krav til førehandsvarsling av pålegg følger av forvaltningslova § 16.
- Din rett til å klage på vedtaket følger av forvaltningslova § 28.

Har du spørsmål?

Ta gjerne kontakt med saksbehandlar på tlf. 5637 5000 eller på e-post post@alver.kommune.no, om du har spørsmål. Husk å skriv saksnummer i emnefeltet.

Med venleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bente Hvidsten
BS Vest AS v/Kristian Nordalen

Mottakarar:

Ove Georg Hvidsten

Kvamsvegen 62

5911

Alversund